

## Soloflyging til utlandet

**Med innføring av felleseuropeiske regelverk er soloflyging til utlandet fullt mogleg. Flyskolane og instruktørane må i slike tilfelle sørje for at eleven får tilstrekkeleg opplæring i spesielle moment knytt til grensekryssing etc.**

Denne ordninga gjeld innanfor området av medlemsstatane i EU og andre land knytt til EØS. Luftfartøyet som vert nytta må vere omfatta av det felleseuropeiske regelverket eller vere tillate til bruk for skuleflyging etter krava i forordning (EU) 1178/2011: *Air Crew, DTO.GEN.240* eller *ORA.ATO.135*. Les meir om dette i [AIC-N 04/21 24 FEB](#).

Dette omfattar ikkje nasjonalt regulerte luftfartøy, som til dømes mikrofly/sportsfly eller luftfartøy som har særskilt luftdyktigheitsbevis. For flyging med slike luftfartøy må du sjekka kva ordningar som gjeld i landet du skal flyga.

For å sikre ein einskapleg forståing og praksis rundt soloflyging til utlandet under det felleseuropeiske regelverket, er det viktig at flyskular og instruktørar følgjer klare retningslinjer.

### Tilrådingar og retningslinjer

#### Kunnskap om regelverk:

Flyskular må sikre at alle elevar har grundig kunnskap om det felleseuropeiske regelverket, spesielt forskrifter og krav som omhandlar internasjonale flygingar.

#### Planlegging:

Som alltid må det leggest mykje vekt på flyplanlegging, inkludert ruter, alternativ flyplass, vêrforhold, og luftromrestriksjonar. Elevar bør trenast spesielt i å nytte relevante verktøy og databasar for internasjonal flyplanlegging.

#### Kommunikasjon og språk:

Elevar må vere kompetente i radiotelefoni og ha tilstrekkelege engelskkunnskapar for internasjonal kommunikasjon, som krevst av ICAO og EASA.

#### Naudprosedyrar og grensekryssing:

Flyskular bør vurdere om spesielle prosedyrar for naudsituasjonar og korrekt metode for grensekryssing, inkludert toll- og immigrasjonsprosedyrar. Sjølv om luftfarten i høg grad er internasjonalt standardisert, finst det nasjonale variasjonar.

#### Dokumentasjon og forsikring:

Elevar må vere merksame på nødvendig dokumentasjon for både pilot og luftfartøy, og dessutan forsikringskrav ved flyging i utlandet. Hugs gyldig ID.

**Kulturelle og juridiske forskjellar:**

Det er viktig å vere medvite kulturelle og juridiske forskjellar som kan variere frå land til land. Dette inkluderer gjerne lokale prosedyrar, praksisar og reguleringar. Det kan finnast nasjonale variasjonar i tolkinga av både europeiske regelverk og internasjonale standardar.

Denne lista er ikkje uttømmende. Det er viktig at kvar enkelt skule tar høgde for relevante forhold knytte til kvar aktuelle flyging. [Til dømes har svenske styresmakter gitt følgjande føringar \(sjå Transportstyrelsens nettstad under «Flygutbildning – praktisk»\).](#)

**Soloflygingsbevis**

Malen for soloflygingsbevis er oppdatert i tråd med felleseuropeiske reglar. Denne er no tilgjengeleg på engelsk for å passe betre med mogleg internasjonale flygingar. Krava til ein elev som skal fly solo er beskrivne i Part-FCL, FCL.020 Student pilot. Du finn lenkja til soloflygingsbevis nederst på sida.

**VFR-guiden**

På nettsida vår finn de VFR-guiden. Denne er eigentleg tiltenkt utanlandske pilotar som besøkjer Noreg, men kan også brukast som referanse og kjelde.

- Slutt -